

# Bygdabladet

for BOKN



Besøk av OSSE – s. 4

Offisiell opning – s. 6

Kjendis til Bokn – s. 20

# Bygdabladet



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Elisabet Taraldlien og Annette Bokneberg

## Bygdabladnemnd

Johannes Nilsen  
Ellen Nedrebø  
Lars Norekvål

## Gjeldande annonseprisar

Heilside kr. 625,-  
Halvside kr. 375,-  
Kvartsida kr. 188,-  
1/8 side kr. 125,-  
Privatann. kr. 62,-  
Fastann./fargeann. etter avtale



## Stort forsidenbilde:

Frå "Fangst og fiske"-stasjonen i Kystkulturveka til Bokn skule. Meir om prosjektet i neste Bygdablad.

Foto: Anne L. Faye



## RDFØRAREN RDET

### Kjære sambygding

### TV-aksjonen 2009

NRK har tildelt årets TV-aksjon til ei av verdas største hjelpeorganisasjonar – CARE.

CARE er ein hjelpeorganisasjon som jobbar med naudhjelp og langsiktig bistand i fleire av verdas fattigaste land. Kvart år får om lag 65 millionar menneske hjelp i 71 land verda over. Organisasjonen har fokus på kvinner sine rettar og jobbar for at alle skal leva eit verdig liv. CARE jobbar ut i frå filosofien om at kvinner som får hjelp og muligheter, sjølv finn vegen ut av fattigdommen.

NRK har plukka ut ein verdig organisasjon til årets TV-aksjon. Er du fødd som jente i eit fattig land, har du alle odds mot deg. Det er mellom anna mindre sjanse for at du går på skule og at du får tilgang til helsetenestar når du treng det. CARE fokuserar på kvinner og jenter, og syt med det for at stemma deira blir hørt.

Den 18. oktober kan du vera med å gje verdas fattigaste kvinner og familiene deira eit betre og meir verdig liv. I fjor satte me innsamlingsrekord i Bokn. Eg vil oppmoda boknarane til å ta vel i mot årets bøssebærarar og gje slik at me slår fjorårets innsamlingsresultat. Formannskapet har allereie lagt grunnlaget for eit godt resultat då dei i formannskapsmøte 30. september løvdde kr. 20 per innbyggjar til denne viktige saka.

### Trafikkultur

Den siste tida har det vore fleire oppslag om trafikken på europavegen over

Bokn, der fokus har vore på stor fart og farlege forbikjøringar. I likskap med mange andre boknarar, brukar eg nesten dagleg denne vegen. Og nesten dagleg er eg også vitne til medtrafikantlar som driv risikosport i form av tråkling av ferjekøar og stor fart.

Dagleg har me tusenvis av gjester som er innom kommunen vår. Som vertskap for E39 forventar eg at gjestane våre oppførar seg fint den stunda dei er her – om det så berre er for 20 minuttar. Eg trur dei fleste er enig med meg i at me bør kunne forventa at gjestene våre held lover og reglar når dei gjestar kommunen vår. Me forventar at dei har ei framferd som ikkje set eigne eller andre sine liv i fare.

Likevel er eg nesten dagleg vitne til forbikjøringar som kvalifiserar til førarkortbeslag og fartsbrot som ville medført fengsel utan vilkår. Og det på ein europaveg som i røynda held same standarden som ein forstadsveg med 60-sone og gangfelt.

Grunnane er mange og gode for at Bokn kommune nå har kontakta naboen i aust, Tysvær kommune, og ein kommunikasjonsrådgjevar for å sjå om det er grep me kan gjera saman for å justera trafikkulturen på E39, før det går nye liv tapt. Me ynskjer å trekka inn fleire aktørar i dette samarbeidet, slik som til dømes vegmynde, politiet, andre kommunar, lokalt næringsliv, Fjord1 med vidare. Sveio kommune, Haugaland og Sunnhordland politidistrikt og Utrykkingspolitiet har til nå gjeve uttrykk for at dei ynskjer å delta i ein "trafikksikringsdugnad" saman med Bokn kommune.



Bilkø frå Arsvågen til rasteplassen på Austre Bokn 4. mai 2008.

Foto: Hans Faye

Det offentlege, både politiet og veg mynde, har opp gjennom åra kjørt mange ulike trafikksikringskampanjer med vekslande hell. Det me snakkar om i vår kommune er førebels ein "småskalakampanje" der ein med små midler heller må vektlegga det kreative og vera nytenkande.

Kanskje det er i den subtile bodskapen nøkkelen ligg til å endra folks kjøreadferd – i alle fall så lenge dei er i vår kommune? Inntil me får svaret på dette spørsmålet: Kjør forsiktig.

Ordføraren


# HJELP TIL KVINNER HJELPER FLERE

TV-aksjonen CARE skal bidra til å gjøre verdens fattigste kvinner istrand til å klare seg selv.  
Gir du til en kvinne, hjelper du en hel familie.

Formannskapet har vedtatt at Bokn kommune gir 20 kr. pr. innb. til årets tv-aksjon!

Bokn skule samla inn 28.158 kr. Til tv-aksjonen på årets skulebasar!

Ta godt i mot bøsse- bærarane 18. okt.!



Norge fikk hjelp av CARE etter 2. verdenskrig – nå hjelper vi andre

TV-aksjonen CARE 2009 går til kvinner og jenter, fordi de rammes hardere av fattigdom, nød og diskriminering, men hjelp til kvinner er å hjelpe flere.

Metoden CARE bruker er spare- og lånegrupper. Dette er små, lokale sparebanker, eid og drevet av kvinnene selv.

CAREs rolle er å gi opplæring og å følge opp spare- og lånegruppene underveis.

Når kvinnenes situasjon bedres, skaper dette et bedre samfunn å leve i for alle.

Pengene bruker kvinnene til det de trenger mest: skolegang for barna, legehjelp og transport til sykehuset til seg selv og familien ved behov, en geit, klær, blikktak på huset, kanskje en ny åkerlapp eller en symaskin for å skape sin egen arbeidsplass.

## Senterpartiet størst i Bokn

Jardar Havikbotn

### Arbeiderpartiet går mest fram sidan forrige stortingsval.

486 personar i Bokn stemde ved dette valet. Tre av desse røysta blankt og ein stemme blei forkasta.

Frammøteporsenten var 80,97%. Dette er ein 0,63% lågare enn ved valet i 2005.

96 personar stemde på førehand.

#### Stemmene fordelt seg slik:

Parti	Stemmer	%	frå 2005
Senterpartiet	114	23,7%	+4,3%
Fremskrittspartiet	111	23,0%	-1,3%
Arbeiderpartiet	103	21,4%	+6,0%
Høyre	66	13,7%	+1,1%
Kristelig Folkeparti	57	11,8%	-2,9%
Sosialistisk Venstreparti	13	2,7%	-1,4%
Venstre	9	1,9%	-1,4%
Andre	7	1,5%	-4,2%
Rødt	2	0,4%	-0,2%

## Kyrkjevalet 2009 Bokn sokn

Svanhild Alvestad

### Her er resultatet av soknerådsvalet:

1. Reidar Alvestad
2. Leiv Våga
3. May Jorunn Vatnaland
4. Sigrun Hole Hosaaas
5. Kerstin Larsen
6. Eivind Øvrebø

#### Varamedlemmer

1. Rut Ingunn Grønnestad
2. Magnar Are
3. Heidi Aksdal
4. Linda Ognøy
5. Harry Vågshaug

### Organisasjonen for Samarbeid og Sikkerhet i Europa (OSSE) besøkte Bokn kommune 9. september i samband med Stortingsvalet 2009.

Etter invitasjon frå regjeringa gjennomfører OSSE valobservasjon i 15 norske kommunar i tidsrommet 3. - 16. september, og Bokn kommune er ein av dei. I tillegg møter dei Rogaland og Sør-Trøndelag fylkeskommunar.

Delegasjonen frå OSSE er på ni personar. I nemnde periode deler dei seg opp i mindre team og har møte med statlege og lokale valmynde, fleire politiske parti, media og andre aktørar om valgjennomføringa i Noreg.

På Boknatun møtte valekspertane Maria Babic frå Serbia og Arben Idrizi frå Albania ordførar Kyrre Lindanger (Ap), Lars Sigmund Alvestad (H), Sigmund Alvestad (Krf.), May Jorunn Vatnaland

## Veldig tilfreds ordførar

Jardar Havikbotn

**Kyrre Lindanger er svært nøgd med valresultatet, både på landsbasis og lokalt.**

- Som ordførar i ein liten kommune var det faktisk avgjerande at den raud/grøne-regjeringa fekk halda fram. Under Soria Moria 1 var kommunesamslåing eit ikkje-tema, og med eit styrka senterparti i Soria Moria II blir dette neppe heller tema for kommande periode. Eg håpar Magnhild M. Kleppa får halda fram som kommunalministar – dette vil gje arbeidsro, forutsigbarheit og gode økonomiske vilkår for sektoren, seier arbeiderpartiorførar Kyrre Lindanger i ein kommentar til årets stortingsval.

Han nemner at dei borgarlege partia hadde kommunesamslåing høgt oppe på agendaen.

- Nå slepp me i Bokn dei neste fire åra å ha samanslåingsspørkset hengande over hovudet. Me kan nå løfta blikket og ha fokus der det bør vera: å sikra ein god tenesteproduksjon i Bokn, samt å utvikla lokalsamfunnet vårt vidare.

Ordføraren syntest også det var svært gledeleg at AP i Bokn gjekk fram med seks prosent.

- Eg tek dette som eit signal, halvegs i perioden, på at me er på rett kurs med Boknasamfunnet, avsluttar ordførar Kyrre Lindanger.

## Besøk av OSSE

Jardar Havikbotn

(Sp) og leiar av servicetorget Gro Sørensen.

#### Nyttig

Ordføraren fortel at representantane frå OSSE var veldig engasjerte og godt forberedte, og det heile var på ein måte eksamen for valstyret i Bokn.

- Me fekk gjennomgått regelverket på gjennomføring av demokratiske val, og fekk skjerpa ting i den samanhengen. Ein del problemstillingar blei diskuterte, og me hadde forberedt oss godt, både i administrasjonen og politisk, seier Kyrre Lindanger nøgd. Å kommunisera på engelsk var heller ikkje problematisk.

Maria Babic frå Serbia og Arben Idrizi frå Albania ville ha tankar og betrakningar om den politiske biten. Hadde

Framhald på neste side

## Framhald frå forrige side

lokalpolitikarane meinigar om sider ved valet som ikkje framstod som rasjonelle?

- Dette var med på å bevisstgjera oss litt i forhold til dei valordningane som er.

### Kandidatrangering

Under drøftinga av sider med valordninga spurde valekspertane om det var hensiktsmessig at ein kan endra og rangerar kandidatar i eit stortingsval, for det må vanvittig mange endringar til før det får betydning.

Dei så nytta av ordninga ved eit lokalval, men dei var opptatt av om det var nokon vits i dette ved eit stortingsval.

- Me blei litt svar skyldig der, og måtte drøfta oss gjennom det, noko som gjekk veldig greit. Gjestene var ikkje skeptiske til dette, men problemstillinga har vore drøfta ute i Europa, for fleire europeiske land har ikkje denne ordninga, seier ordføraren, som er leiar av valstyret.

### 100% hemmeleg val

Det fine besøket var også opptatt av om eit val på ein så liten plass, der alle kjenner alle, var garantert hemmeleg, eller om kunne få innblikk i kva den enkelte stemmer. Kunne valstyret i



Unni W. W. Høivik kjem ut frå valavlukket under observasjon av servicetorgleiar Gro Sørensen og valekspert Maria Babic frå Serbia.

Bokn garantera for at sjølve valet var hemmeleg?

- Me hadde ein liten gjennomgang på dette. Tre personar tar i mot veljarane; ein stemplar, ein kryssar av på lista og ein gjer klar urna. Me følger også det internasjonale prinsippet at ein ikkje skal ta på valseddelen. Veljaren skal sjølv legga denne oppi urna.

- Reglane blei gjennomgått og me forsikra om at sjølv om Bokn er ein liten kommune med oversiktlege forhold, så er det eit 100% hemmeleg val. Me er opptatt av å vera profesjonelle og følga internasjonale reglar, avsluttar ordførar Kyrre Lindanger.

**Det blir laga rapport frå alle besøka OSSE har i Noreg, som kjem på nettsidene til departementet.**



Foto: Unni W. W. Høivik

RUNDT MØTEBORDET: Fv. Sigmund Alvestad (Krf), May Jorunn Vatnaland (Sp), ordførar Kyrre Lindanger (Ap), Arben Idrizi, Maria Babic og Lars Sigmund Alvestad.

## Håpets blødande hjerta

Ytterst der ute, på den nøgne ø.  
Satt håpet fortvila, ville stoppa hjerta fra å blø.  
Det va redd det hadde fått banesår.  
For hatet vokse år itte år

Blodet fra hjerta rant og rant.  
Solå nådde horisonten, tipte og forsvant.  
Håpet satt i nåttå og tenkte seg om:  
"Det va jo alltid ein nye dag så kom".

Det hadde slutta å dryppa, hjerta slo.  
Håp hørte ein legande latter så lo.  
Håp bestemalte seg, ga verden ein sjanse te.  
Kursen blei satt med vinden i le.

Har håpet forlatt oss? Blei det havari?  
Møtte det motbør? Blei strømmen for stri?  
Eg syntes eg såg det, der hav møte land.  
Eg trur på håpet, det e det einaste eg kan.

Kjetil Hamre



# Opning av NAV Bokn

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Elisabet Taraldlien



Frå venstre  
assisterande  
fylkesdirektør  
i NAV Rogaland  
Bjørn Sæstad, leiar  
av NAV-Bokn  
Unn A. Mustaparta, ord-  
førar Kyrre Lindanger og  
rådmann Jan Erik Nygaard.

**1. september blei NAV-Bokn offisielt opna. Hendinga markerte at to og eit halvt års arbeid med å etablera eit NAV-kontor i Bokn var sluttført.**

Ordførar Kyrre Lindanger sa i sin opningstale at Bokn eigentleg fekk NAV kontor i 2007 i samband med oppbygginga av det nye servicetorget på Boknatur. Sjølvé oppstarten fann stad 18. juni i år. Tre tilsette jobbar ved kontoret, i to statlege og ein kommunal stilling.

Rådmann Jan Erik Nygaard gjekk endå lenger tilbake, og sa til nærmare 40 tilhøyrarar at sosialkontoret og trygdekontoret i kommunen har vore samlokaliserte heilt sidan 1987, då Boknatun stod klart. Og då A-etat blei etabliert i 2006, hadde sosialkontoret og trygdekontoret i Bokn og A-etat i lang tid hatt eit veldig godt og tett samarbeid. Samarbeidsrelasjonane til A-etat Karmøy har i alle år vore svært gode.

## Samarbeid

Assisterande fylkesdirektør i NAV Rogaland, Bjørn Sæstad, forsterka inntrykket av at ting har ligge godt til rette for innføring av NAV-reforma i Bokn, då han sa at han hadde fått svært gode tilbakemeldingar undervegs i etableringsprosessen om at i Bokn var det eit godt samarbeid mellom kommune og stat. Han fortalte han hadde fått klar melding om at "her skulle me få det til".

Det er nemleg samarbeidet mellom stat og kommune om ein felles teneste

som er essensen i den største forvalningsreforma i norsk historie. Reforma skal vera gjennomført 1. januar 2010. 260 milliardar kr., ein tredjedel av statsbudsjettet, vil bli kanalisiert gjennom NAV-kontora.

Brukane skal møta eit integrert kontor der tilsette i Arbeids- og velferdsstaten (NAV) og kommunen sin sosialteneste jobbar saman for å finna gode løysingar for brukane. Og hovudformålet er Fleire i arbeid og aktivitet, færre på stønad.

## Ufوردande og komplekst

Bjørn Sæstad overleverte gáve frå NAV Rogaland til leiar av NAV Bokn, Unn A. Mustaparta, og ønska velkommen til utfordrande, komplekse oppgåver.

Han meinte at eit tett og godt samarbeid med nabokommunane var heilt avgjerande for at innbyggjarane i Bokn skal få dei tenestene dei har krav på.

- Det er viktig å bygga relasjonar for å sikra kompetanse og kvalitet, sjølv om eg er overbevist om at dei som jobbar her er dei beste folkene i Bokn, sa Sæstad.

Han trudde også NAV-reformen er ein "mulighetens reform", og poengtente at alt på ein plass gjorde han overbevist om at det går an å nytta handlingsrommet i loverket på ein litt annan måte enn det som er gjort til nå.

- Då er muligheten for å sjå brukaren som ein heilhet mykje betre enn før, då me sende dei frå dør til dør.

Sæstad minna også om at det viser seg at små kontor greier seg godt, og

presiserte at han hadde god tru på NAV Bokn.

## Haugesund og Utsira

Unn A. Mustaparta var i sin tale oppatt av å gi et fullverdig og fullgodt tilbod til brukarane sjølv om Boknkontoret er lite. Og for å sikra dette har NAV Bokn inngått eit samarbeid med Haugesund og Utsira. Kontoret vil ha ei felles dør til brukarar som i periodar vil trenga hjelp til å få muleheter i livet sitt.

Ho meinte at NAV-filosofien har eksistert i Bokn i mange år allerede. Tette kontor i ein liten kommune har gitt eit godt samarbeid mellom sosial- og trygdekontoret, noko som har kome brukarane til nytte.

## Varde-symbolikk

Ein fiffig vri på den tradisjonelle snora fekk me då ordføraren skulle markera sjølvé opninga, nemleg å bygga opp ein varde i fellesskap.

- Ein varde er ein vegvisar og me skal legga stein på stein, sa Kyrre Lindanger.

Han la opp første steinrada, Sæstad den andre og Mustaparta den siste steinen, til trompetfanfare av underteikna.

Varden skal stå i fellesstorget i nærlieken av NAV-kontoret.

Under matøkta etterpå vanka det gratulasjonar og blomar, m.a. frå Bokn Plast/High Comp ved Helge Rasmussen og Coop Marked Bokn ved Tor Harald Alvestad.

# Tradisjon og kulturarv i Bokn barnehage

Elisabet Taraldlien



Felles samlingsstund med song og forteljingar i Bokn barnehage.

I Bokn barnehage skal dei få lære om dei gode gamle dagane, og det skal dei bruke heile barnehageåret på! Tidsrommet 1950 og fram til i dag vil vere i fokus.

Dei vaksne i barnehagen er bevisste på å bruke dei resursane dei har rundt seg. Bruke seg sjølve og sine foreldre. Nærmiljøet i Bokn har mykje å by på, og barnehagen skal ta turen på bygdemuseet og vevstova på Kyrkjebrygd-

Ungane skal og få vere med på båten "Håflu". Dei skal også oppleve korleis det er når ein må mjølke for hand.

Det beste for ungane er jo når dei har noko handfast å sjå på, få lov å kjenna på og kunna hugsa både med ord, kjensler og bildar.

## Kan du bidra?

Er det nokon som kunne tenkje seg å vise fram sjøhuset sitt, med gamle redskaper som blei brukta i fiske? Eller vise fram korleis det var å bu på ein gard?

Er det nokon som kunne tenkje seg å komme til barnehagen å fortelje om desse tinga? Går du forbi barnehagen ein dag, så kan du jo stikke innom, dei har alltid tid til ein drøs, og kom gjerne to i lag!

Om nokon har ein ting frå då dei var ungar, så lurer barnehagen på om det kunne vore mogleg å fått låne

det ei lita stund? Tinga vil bli sett høgt på hyller, og tatt fram og vist til ungane, slik at ingenting vil bli utsett for unødig handsaming. Ingenting er for lite! Det er berre å komme med det ein har!

Leiker, kjøkkenutstyr, telefon, fiskarutstyr...

Utstilling av ting slik dei såg ut før, og fram til nå, er ein flott måte å visualisere forandringane som har

skjedd. Telefonen for eksempel, der ein før i tida måtte ringje til sentralen og be om eit telefonnummer, til nå når ein berre ringjer einkvan på mobilen. Ein var ikkje så tigjengeleg før...

Barnehagen har tatt kontakt med Dagsenteret. Der var det to kjekke damer som kunne tenkje seg å lære ungane i barnehagen meir om korleis det var å vekse opp på Bokn i deira barndom. Berta Våge og Olaug Hognaland heiter dei, og Olaug ville gjerne invitere ungane heim til seg.



Eit fiskahåve, spennande!

Bursdagsfeiringane har og forandra seg mykje frå 1950 til nå. Korleis blei dagen feira? Kva hadde de til mat på ein bursdag? Kva fekk de i gáve? Det har dei lyst å få vite meir om i barnehagen.

Juletradisjonane står høgt hjá



Sånn ser fiskaslo ut.

personalet i barnehagen. Der kunne dei godt tenkje seg at det kom einkvan inn til barnehagen og fortalte korleis julefeiringa føregjekk i deira barndomstid. Kva måtte dei gjøre for å førebu jula? Kva hadde dei til mat? Kva gáver fekk dei då?

**På slutten av barnehageåret vil alt det ungane ha jobba med, munne ut i ein festdag i barnehagen som dei vil kalle "Bokn i gamle dagar". Då håpar dei at det er mogleg å kle alle ungane opp i kler, slik dei var på 50-tallet.**



## Mange aktivitetar

Ungane i barnehagen fekk med seg eit brev heim, der foreldra eller beste-føreldra kunne krysse av for dei aktivitetane dei kanskje kunne bidra med.

Barnehagen har allereie fått positive tilbakemeldingar på forskjellige aktivitetar. Blant anna flatbrødbaking heime og å vere med å "henta poda".



# Datakurs – for dei som ikkje kan

Tekst: Elisabet Taraldlien – foto: Grete Drilen Jøsang



**Bokn sanitetsforening arrangerer i desse dagar datakurs for "dei som ikkje kan".**

Reidun Grønnestad, formann i Bokn sanitetsforening, fortel at det er 20 påmelde til kurset, så ein kan vel seie at både interessa og behovet er så absolutt til stades. Det er både unge

og litt eldre, damer og herrar som har meldt seg på datakurset, så det er ikkje noko einskild aldersgruppe eller kjønn som meinar dei treng opplæring i data.

Reidun fortel vidare at mange av dei påmelde har ikkje slått på ein datamaskin før, mens nokre få har fått

prøva seg litt på data.

Kurset skal foreløpig vere ein gong i veka, kvar torsdag kl. 19:30 til ca. 21:30.

Åse Bratthammer er læraren på kurset, og ho har fått med seg Hege Sunde, Jorunn Schmeischler og Aina Grønnestad til å hjelpe til.

Litt kos vil kursdeltakarane og ha, så ein kaffitår tek dei med seg, og lar dette gå på rundgang. (Smart, for data kan vere tørre greier... forf. anm.)

Reidun var ikkje heilt sikker på kor lenge kurset ville vare, for ein måtte sjå kor mykje folk trong å lære, og så legge opp tida etter det. Kursprisen er uansett sett til 300.-.

Lærar Åse Bratthammer seier i ein kommentar, at ho syntes det var tøft at så mange møtte opp, og at alle har eit godt mot til å gå i gong med noko dei ikkje visste så mykje om frå før. Vidare seier Åse at ho har god tru på alle saman.



Det var mange lærrevillige som møtte opp.

Norske Kvinner Sanitetsforening



## 5. klasse får sykkelhjelmar

Elisabet Taraldlien



**Sanitetsforeningen i Bokn er travelt opptekne for tida, med å gjøre det dei kan best, nemlig glede innbyggjarane med slikt som kjem så vel med.**

Denne gongen er det 5. klasse på Bokn skule som får utdelt sykkelhjelmar.

Formann Reidun Grønnestad fortalte lydhøre 5. klassingar om kva saniteten elles gir, frå barna er fødde, der dei delar ut babysokkar, og vidare opp i aldersstega, der alt frå bøker, utleige av bilstolar, opplysningsplakatar med meir blir utdelt. Gratis.

### Sanitetens uke

Hendinga står i samanheng med at det i desse dagar er sanitetens uke, og Reidun er i full gong med å hengje opp ein kampanjeplakat, "Rene hender".

Mykje som skjer i saniteten!

5. klassingane var særskilt nögde med dei nye hjelpane sine, og stilte villig opp til eit flott bilde av nesten alle saman.

Dessverre mangla Ida Havikbotn og Malena Hognaland, då bildet blei tatt. Men hjelm fekk dei!

Bak fv. Kristina K. Hanssen, Eline F. Øvrebø, Ingrid Hetland, Målfrid K. Øvrebø, Joakim Skjelde, Rune Hognaland, Gina G. Johannessen

Framme fv. Simmen Karoliussen, Jonas L. Faye, Linn Sørsvåg, Raymond Hognaland, Sverre Trosnavåg

Liggande: Torfinn Alvestad.

Ida Havikbotn og Malena Hognaland var ikkje til stades då bildet blei tatt.



## Fekk gåvekort på 1.000 kr.

Jardar Havikbotn

### **Det kan lønna seg å skriva seg opp i postkasseboka på Boknafjellet.**

Niandeklassingen Kristian Nordhus fekk ein ekstra god start på skuledagen fredag 11. september. I første time troppa nemleg ordførar Kyrre Lindanger og underteikna opp i anledning at skuleleven var blitt trekt ut blant 2.357 underskrifter i 2008. Premien er eit gåvekort på sport og villmarksliv-butikken XXL på Raglamyr.

**Bygdabladet gratulerer!**

### **10 års jubileum**

Bokn kommune si enkle, men effektive oppfordring til friluftsliv har sidan 1. juni 1999 stimulert fastbuande og besøkande turgåarar, joggarar og syklistar til å føra opp namna sine, 294 moh.

Med dei nye postkassebøkene på Vardafjellet og Boknahåvet, blir det naturleg å samordna eit premieringsopplegg rundt desse stadene frå 2010. Ei gruppe frå Kjekt på Bokn-prosjektet jobbar med denne saka.



Kristian Nordhus får overrekt gåvekort på kr. 1.000,- av ordførar Kyrre Lindanger.

## Nye vindauge

Elisabet Taraldlien

### **- Godt å endeleg få det gjort, så fint det blei, fint arbeid...**

Mykje kan seiast om dei nye vindauge som nå blir sett inn på Bokn skule, og alle kommentarane er udelte positive!

Ingjerd Ellingsen seier også at det er godt at det nå blir gjort.

- Det har vore snakka om i ein del år, så at det nå kom i gong er berre heilt kjekt, seier ho.

Arbeidarane har ein nesten ikkje merka noko til, det er hyggelege folk, dei ryddar flott opp etter seg og gjer ein utmerka jobb.

### **Fasaden på skulen**

Denne får også eit løft. Det er ei litt anna utforming på vindauge som blir sett inn, og dei har og litt "film" som gjer at det er litt sol-avskjerming i sjølve glaset.

Då arbeidet starta, var ein svært hel-

dig med veret, sol og varme vindar gjorde det til ei hyggeleg oppleving.

Veret har halde seg ganske bra i det vidare arbeidet også.

Alt i alt er dette ei positiv oppleving. Vindauge er meir funksjonelle, dei er ikkje minst lette å opne og lukke.

Det gjer rømmingsvegane tryggare og bygget blir meir brannsikkert.



Fv. Ragnar Hausken og Vegard Ørke i full sving med 1. klasse sine vindauge.

# Betre vegar

Kyrre Lindanger

**Statens vegvesen har i år satt av midler for å asfaltera deler av lokalvegnettet i Bokn kommune. Førebels er det trasèen frå Kleivakrysset på Økland og til Føresvikvegen som får nytt dekke. I løpet av hausten skal det også leggast ny asfalt på Grønnestadvegen.**

I samband med asfaltjobben som skal gjerastat på Grønnestadvegen, har Bokn kommune gått i dialog med Statens vegvesen for, om mogleg, å løysa problemet med dårleg underlagsmasse på deler av vegen. Eitt parti ved Gunnarstad er allereie utbetra, men ein ynskjer i tillegg å grava opp og rehabilitera dei dårlegaste partia på Grønnestad før ein asfalterar der.

Statens vegevesen, ved entreprenør Risa, har elles reinska stikkrenner og grøfter langs Grønnestadvegen. Viss ein i tillegg finn ei løysing på underlagsproblematikken, vil dei ytre delane av Bokn få ein etterlengta rehabilitering av vegnettet.

## Ny bru i Sunnalandsstraumen

Inspeksjonar den seinare tida har avdekkat at bruhaugen i Sunnalandsstraumen er i så dårleg forfatning at Rogaland fylkeskommune har satt av midler for å rehabilitera ho. Mellom anna har armeringsjarn kome fram i dagen. I tillegg er der for dårlege murar i brukara og vegbana held ikkje tilfredsstillande standard.

Planarbeidet pågår nå hjå Statens vegvesen, men det er uklart når ein går i gang med arbeidet. Etter planen skulle Statens vegvesen henta inn anbod i september, og forhåpentlegvis vil ein gå i gang i løpet av vintaren 2010. Anleggsperioden blir på 3-4 måneder.

## Breiare vegbane

Rehabiliteringsarbeidet vil mellom anna innebere at ein "kragar" ut bruhaugen, det vil seia å gjera bruhaugen breiare. Etter planen skal det brukast stein som byggemateriale.

Bokn kommune har bedt Statens vegvesen utreda om det er høve for å auka seglingshøgda og om det lar seg gjera å mudra opp kanalen i samband med jobben som skal gjerastat i området.

Elles ynskjer kommunen og Statens vegvesen å nytta høvet til å gjera grep som vil auka det estetiske uttrykket rundt kanalen i Straumen. Ein vil vektlegga murarbeidet, setja opp nytt rekktverk, nye gatelys og undergangslys på bruhaugen.

Dese tiltaka vil kunne vera med å gje



Statens vegvesen asfalterar i haust delar av lokalvegnettet i Bokn. Her blir asfalten lagt på Håland.



SUNNALANDSSTRAUMEN AUG. 1997: Kystverket vil yta fagleg bistand i arbeidet i Straumen. Her er ein representant frå Kystverket (tv.) saman med dåverande ordførar Sigrunn Hole Hosaas og Johannes Svendsen foran bruhaugen, rett etter Kulturminnestafetten i 1997 - der boknarane hadde valt Sunnalandsstraumen som prioritert kulturminne.

Foto: Jardar Havikbotn



YNDA FOTOOBJEKT: Her er det Kjetil Hamre som har knipsa eit blinkskot frå bruhaugen.

eit løft til kanskje det mest ynda fotoobjektet i Bokn, og samstundes sikra

Jøsenbuen framleis fastlandssamband til Vestre Bokn.

# Sitkagraner i bakken

Jardar Havikbotn

**Bokn kommune held fram med å fjerna store og glisne sitkagraner på eideomane sine.**

Som kjent er trea i nordvestre hjørne av fotballbanen ved skulen borte, og i fjer haust forsvann granene ved Kyrkjebrygd kulturhus.

I tråd med formannskapet sitt vedtak om bruken av statlige tiltakspakkemidler (ekstraløyving for kommunale tiltak til vedlikehald, med hensikt om å demma opp for finanskrisa),



09.09.09: Vaktmeister Egil Ognøy sørger for kontrollert felling av ei sitkagan.



OM MORGONEN 11. september: Ordførar Kyrre Lindanger konstaterer at berre fem graner står att.

blei granene mellom skulen og barnehagen fjerna 9. - 11. september.

Som vanleg ved merkbare endringar er det ulike meininger om hendinga. Enkelte er storfornøgde med betre utsikt medan andre sette stor pris på den vindskjerminga trea representerte. Framtidige kulingar frå nordvest vil nok

bita skikkeleg frå seg i skulekvarden, og på store utedagar som t.d. 17. mai.

## Skateområde

I planen for Foresvik nærmiljøanlegg skal det omtalte området brukast til skating. Trefellinga betyr større areal til dette prosjektet, men det står også i vedtaket at det skal lagast plan for vindskjerming. Det blir ei utfordring å finna den beste løysinga. Bygdbladet vil følga saka.

**Det har vore fritt fram for boknarar å henta seg vedstokkar, etter først til mølla-prinsippet.**

Visste du at sitkagan er ein art i slekta gran i furufamilien, og at treet har namnet sitt frå Sitka, den fjerde største byen i Alaska.

Sitkagranen er blant dei største av granene, og tredje størst av alle trearter (etter redwood og douglasgrana). Høgda kan bli over 40 meter. Dei unike barnålene er flate, lyse, og sit spredt og uregelmessig direkte på skuddstilken. Sitkagran får derfor eit litt glissett utsjåande. Konglene er 5-8 cm lange, lysebrune eller gulbrune, og hengande.

Trea veks vilt i Nord-Amerika. I Noreg er sitkagrana planta ut på Vestlandet, i heile Midt-Norge og Nord-Norge nord til Troms. Hensikten var til bruk i skogbruket, som hogsttømmer.

Kjelde: Wikipedia

## Minneord

### Bertha Johanne Are er død, nær 81 år gammal.

Bertha blei fødd på Gunnarstad, der ho voks opp saman med bror sin, Jakob. Foreldra var Karen og Johan Jøsang.

Då ho var ung, arbeidde ho på hermetikkfabrikken i Foresvik, i tillegg hjalp ho mor si heime på garden.

I 1952 gifta ho seg med Alf Are. Dei fekk tre jenter saman og etterkvar svigerbarn, barnebarn og oldebarn. Bertha og Alf bygde opp eit nytt gardsbruk på Gunnarstad.

Bertha lika godt å stella med dyra på garden, noko ho bidrog med heilt til ho døydde. Fritida blei brukt til handarbeid, ho både strikka, hekla og broderte. I ledige stunder lika ho også å lesa og løysa kryssord.

Bertha var flink til å ta seg av barnebarn og etterkvar oldebarn som ofte var på besøk. Bertha var ein omsorgsfull ekte-



felle, mor, mormor og oldemor, og det er for alle eit stort sakn.

Bertha etterlet seg mann, tre barn, sju barnebarn og seks oldebarn.

# Kulturkalenderen

Endringar sidan sist/nye arr. er **utheva**

## Oktober

- 11. Gudsteneste kl. 11.00
- 12. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 13. Kommunestyremøte**
- 15. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00
- 16. Kino i Auditoriet
- 17. Auksjon - arr. Bokn musikkorps
- 18. Bokn sundagsskule kl. 10:30
- 18. Familiespeiding kl. 15:00 i Loden. Oppmøte ved kaien til Svein Ove
- 18. Tv-aksjonen 2009 - Hjelp til kvinner hjelper flere**
- 18. Normisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00
- 20. Teddybjørnens dag på biblioteket kl. 10.00**
- 20. Formannskapsmøte**
- 22. Fotballavslutning på skulen, kl. 18:00  
arr. Bokn Idrettslag
- 25. Gudsteneste kl. 11.00
- 25. Bokn sanitetsforening arr. "Syng med oss", auditoriet på Bokn skule, 16:00
- 26. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 28. Israelsmisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00
- 29. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 19.00
- 30. Kino i Auditoriet

## November

- 01. Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgenssundag
- 06. ABR-senteret har basar på bedehuset kl. 19.00
- 6—8. Bokn KFUK-KFUM-speidrarar: Vandartroppa fer til Vigdarheim
- 07. Haustfest med dans i gymsalen, arr. Bokn idrettslag
- 08. Bokn sundagsskule kl. 10:30
- 08. Familiespeiding kl. 15:00 i skogen, Sunnalands straumen. Oppmøte ved Nils Bjørn
- 09. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 10. Formannskapsmøte**
- 13. Kino i Auditoriet
- 13. Kulturkveld på bedehuset kl. 19.00. Tema: forfattaren Rasmus Løland - arr. Bokn mållag i samarbeid med Bedehuset**
- 15. Gudsteneste kl. 15.00—Fireårsbok
- 15. Bingo kl. 19:00 - arr. Bokn musikkorps
- 18. Samemisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00
- 22. NMS har møte på bedehuset kl. 19.00
- 22. Bokn sundagsskule kl. 10:30
- 23. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00

## 24. Formannskapsmøte

- 25. Finn Schjøll held foredrag om Adventsdekorering, gymsalen kl. 18.00 - sjå s. 20**
- 26. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 19.00
- 27. Kino i Auditoriet
- 29. Gudsteneste kl. 19.00 Lysmesse med speidarprosesjon

## Desember

- 06. Bokn sundagsskule kl. 10:30
- 07. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 08. Speidarane sin grautfest/juleavslutning på skulen kl. 18:00
- 08. Formannskapsmøte (dersom det er saker)**
- 11. Kino i Auditoriet
- 13. Gudsteneste kl. 11.00
- 13. Luciafest - arr. Bokn musikkorps
- 15. Kommunestyremøte**
- 20. Juletrefest på bedehuset kl. 15.00  
Arr: Sundagsskulen og Speidaren
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletrefest (familiefest) på bedehuset kl. 17.00  
Arr.: Frelsesarmeens og bedehusstyret
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

## Gymsal, kveld

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
<b>Mån</b>	Danseskule	14.15 - 16.45	Wendy Riber
	Fotball G10/11	16.45 - 18.00	Cliff Olaussen
	Bokn skulekorps	18.00 - 20.00	Grete E. Yrke
	Bokn Brass/RH	20.00 - 22.00	J. Havikbotn
<b>Tys</b>	Danseskule	14.15 - 16.45	Wendy Riber
	Barnetrim	16.45 - 17.45	C.B. Knutsen
	Friskis & Svettis	19.30 - 20.30	Anne L. Faye
<b>Ons</b>	Danseskule	13.45 - 17.00	Wendy Riber
	Fotball G9	17.00 - 18.15	Roger Jøsang
	Fotball J12	18.15 - 19.30	Sonja Mikkelsen
<b>Tor</b>	Friskis & svettis	18.00 - 19.00 *	Anne L. Faye
	Volleyball, ungdom	19.00 - 20.00	Rita Bokneberg
	Volleyball, vaksne	20.00 - 22.00	Rita Bokneberg

\* Frå januar 2010

## Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

**Borgenvik Hytteområde 22 (Gnr 10, bnr 2)**  
er overdradd for kr 383.000 fra Andreas Borgenvik til Ottar Jakob Borgenvik (04.08.2009)

**Borgenvik Hytteområde 32 (Gnr 10, bnr 68)**  
er overdradd fra Andreas Borgenvik til Halvor Even Borgenvik (04.08.2009)

**Leirgrovvegen 4 (Gnr 9, bnr 16)**  
er solgt for kr 1.900.000 fra Berta Våge til Lars Arvid Norekvål og Malin Taraldlien (06.08.2009)

**Boknatunvegen 5 (Gnr 9, bnr 131)**  
er overdradd for kr 106.848 fra Erling Sæbø til Bokn kommune (11.08.2009)

**Grønnestadvegen 2 (Gnr 11, bnr 117)**  
er solgt for kr 1.100.000 fra Oddvar Storhaug til Jarl Dybdahl (18.08.2009)

Andel av **Gnr 19, bnr 20** er solgt for kr 1.285.714 fra Torhild Kristine Stangeland, Sverre Hagbart Grønnestad, Kjell Torbjørn Grønnestad, Hanna Serine Grønnestad, Arne Oddvar Grønnestad, Turid Karin Jørgensen og Bente Odny Tørresvold til Gunnar Grønnestad og Helmy Grønnestad (09.09.2009)

Andel av **Lodavegen 557 (Gnr 19, bnr 21)** er solgt for kr 1.500.000 fra Torhild Kristine Stangeland, Sverre Hagbart Grønnestad, Kjell Torbjørn Grønnestad, Hanna Serine Grønnestad, Arne Oddvar Grønnestad, Gunnar Grønnestad, Turid Karin Jørgensen og Bente Odny Tørresvold til Miriam Grønnestad og Normann Vikse (09.09.2009)

**Gnr 3, bnr 45** er overdradd fra Rune Øvrebo til Arne Øvrebo (03.09.2009)

Andel av **Alvestadkroken 23 (Gnr 11, bnr 35)** er overdradd fra Arne Carsten Baardsen til Wenche Monica Baardsen (14.09.2009)

Kjelde: Statens kartverk

# Gratulerer!

Bygdabladet presenterer små og store jubilantar, både her i papirversjonen og på bokn.no

Send inn bilde og ein liten tekst til

post@bygdabladet.no eller 98 22 15 08 (MMS)



**Joakim Øvrebø 4 år, 2. oktober**

Me vil gratulera prinsen vår med 4 årsdagen den 2. oktober.

Me er glad i deg!  
**Klemmer fra Monika, mamma og pappa**  
Vesla, Velvet og Bonzo gratulerer også



**Wiktor Slodkowski 5 år 1. oktober**

Gratulere med dagen!

**Masse klemmar fra mamma og pappa**



**Gratulera med di 40 den 29. september, Blitz!**

We love you!

**Hilsen turgjengen**



**Elisabet Taraldlien 40 år 29. sept.!**

Gratulerer med dagen til ei sprek og flott dame som utrolig nok fyller 40 år!

Det er vel din karakteristiske latter som holder seg så ung?!

**Klemzzz fra pizzabollekuben**



**Line Øvrebø 1 år 27. september**

Minstejenta våres har blitt 1 år

**En stor klem fra Sofie, Stian, pappa og mamma**



**Annette Bokneberg og Roy Olsen gifta seg 25. september**

Me gratulerer!

**Hilsen Tyrkiagjengen**



**Endre Øvrebø 8 år 21. september**

Gratulerer med 8 års dagen!

**Hilsen mamma og pappa, Ole Johan og Lars Erik**



**Eiril Wahlgren Lie 3 år 19. september**

Me vil gratulera vår lille prinsesse med 3 årsdagen den 19. september

**Masse klemmer fra Hedda Amilde, mamma og pappa**



**Ane Kvinnesland, Gismarvik 10 år**

Gratulera så masse med 10-års dagen som var den 15. september

**Klem fra Simen, mamma og pappa**

## Kino

**Pr. 2. oktober var desse filmane klare for Bokn:**



**16. oktober**

**NORGESPREMIERE!**



**KNERTEN (Alle)**

Tøff? Ja. Modig? Ja. En pinne? Ja. Vanlig? Nei! For pinner som Knerten vokser ikke på trær.



**16. oktober**

**ROTTENETTER (11 år)**

Når du selger sjelen må noen betale. Jonny Kristiansen er villig til å gjøre alt for å nå toppen i Stavangers oljeinfiserte finansmiljø. Han vil bli den beste, smarteste og rikeste av dem alle. Han går inn i en verden, der alt og alle kan kjøpes for penger - med store, åpne, grådige øyne.



**30. oktober**

**G-GJENGEN (7 år)**

G-Gjengen er en eventyrkomedie for hele familien om den siste utviklingen i et hemmelig statlig prosjekt for å trenere dyr til spionasje.



**27. november**

**SE OPP (7 år)**

Fra Disney/Pixar kommer nå "Se Opp" - en eventyrkomedie om den 78 år gamle selgeren Carl Fredricksen som endelig virkelig gjør sin livslange drøm når han fester tusenvis av ballonger til huset sitt og flyr inn i Sør-Amerikas villmark.

**13. november er det premiere på NRK suksessen JULENATT I BLÅFJELL.**



Dette er draumefilmen for alle barn i alle aldre som ventar på jul. Førebels er det uklart om Bokn får filmen denne fredagen.

# BERLIN - DOMINOAKSJONEN

## "STEINEN" TIL 10.KLASSE ER KLAR

Solrunn Alvestad



Etter 2 døgn i Polen med mange inntrykk og opplevelinger, samt ein brukken arm, sette vi kursen mot Tropical Island kor vi skulle dekorere ein "stein" til markeringa av 20 års jubileumet for Berlilmurens fall. På vegon dit vart vi stoppa i ein skikkeleg politikkontroll kor pass og passasjerar vart grundig granska av alvorlege og bevæpna tyske politikonstablar. Det var svært stille i bussen medan dette sto på.

### Ivrige og spente

Bussturen frå Krakow til Tropical Island, som ligg 6 mil utafor Berlin, tok ca 7 timar. Vi hadde ein pause undervegs, og då fekk vi kjøpt inn mange liter med den malinga vi hadde bruk for. Elles hadde vi med penslar, teikningar og sjablongar – og sist men ikkje minst mange ivrige og spente kunstnarar. Steinen skulle stå klar til oss inne i tropelandskapet - og vi var klar.

Tropical Islands er verdas største sjølvberande hall med sine 66.000 kvadratmeter (360 meter lang, 210 meter brei og 110m høg.) Klimaet er tropisk, med lufttemperatur rundt 26 grader, og frå 28 til 32 grader i innsjøar og laguner. Sjøane dekkjer 4.000 kvadratmeter. Før dei laga Tropical Islands, var det ein luftballonghall. Hallen blei laga i 1990. Den skulle brukast til garasje for luftskipa, som skulle byggjast for å frakte svært tunge ting over land. Prosjektet vart for dyrt og skrinlagt, og istaden vart det etterkvar Europas største badeparadis.

Då vi kom inn starta jakta på steinen, og den fann vi til slutt - og så kunne arbeidet starta. "Steinen" var laga av isopor, 2,5 m høg og 1 m brei og vekta var ca. 20 kg – så vi klarte å løfte den på plass slik at vi kunne male på alle sidene. Elevane var delte inn i 3 grupper slik at dei også fekk tid til å kosa seg i badeanlegget.

### Vaktskifte

Den fyrste gruppa starta opp umiddelbart og mala heile steinen med grunnfargane. Etter ein halv time var det vaktskifte, og neste pulje gjekk i gang med dekoreringa. Vi hadde med malar i rett storleik, framsida med det grøne

treet med kvite fredsduer - som skulle symbolisere tida etter at muren fall, og baksida med den store grå murlblokka med ein svart fugl som vakta utofa – symbolet på det triste og utrygge.

Etter ein ny halvtide var også dette på plass og siste gruppe starta opp med å male detaljer; gardiner i vinduene, blader på treet og struktur og dybde i motivet. Humør og arbeidsglede var på topp heile tida, det meste av malinga kom på steinen, men nokre av



kunstnarane vart også meir fargerike etterkvar.

### Mykle arbeid

Etter planen tenkte vi at arbeidet kunne gjerast på ca 2 timar, men tida gjekk utruleg fort. Då vi trudde vi var ferdige og skulle lime på ein ferdig logo frå Aktive Fredsreiser, viste det seg at dette var ein mal som datt frå kvarandre... Då vart det litt stress, det

var blitt mørkt og vi såg ikkje heilt kva vi gjorde og korleis det vart sjåande ut, men med mange hjelpende hender og maling på frihand klarte vi å få logoen på plass – trur vi. Men vi kunne jo ikkje la Aktive Fredsreiser ha



logofeltet heilt áleine – så vi malte likegodi Bokn sitt kommunevåpen også.

Til slutt vart vi ferdige, rett før vi skulle reise til hotellet, varme, svette men svært nögde med resultatet. Ikkje alle fekk tid til å bade så det var rett i dusjen då vi kom fram.

Nå er det bare å vente til 7. november, då skal "vår stein" saman med ca 1000 andre stå på rad og rekke som ein 2 km lang domino mur frå Potsdamer Platz via Brandenburger Tor til Riksdayen i Berlin – og borgermesteren i Berlin ser med glede fram til å dytte til den fyrste steinen for å rase "muren" ein gong til den 9. november kl. 19.25.

### Bok

I tillegg skal alle steinane fotografert og det vert utgitt ei eiga bok "Buch das Steine". Gjett om vi vil kjøpe den boka? Vi er litt stolte over at vi vart valgt ut til å bli med i dette internasjonale prosjektet – blir spanande å fylgje med på nyhetene den 9.november – kanskje vi ser Bokn sitt kommunevåpen midt i Berlin?



## Ride- og aktivitetshall tar form

Jardar Havikbotn

### 16. september gjekk flagget til topps i Kro.

Kari Christensen ved Krovågen Hestesenter er svært fornøgd med at taket på Ride- og aktivitets-hallen nå er på plass. Hendinga blei feira med marsipankake og kaffi til dyktige snikkarar frå Grude Bygg, som har entreprisen.

Veggar, vindauge og dører kom på plass i løpet av september. I tilknytting til ridehallen kjem ny handicaprampe og ein del nytt utstyr, m.a. innvendig klatrevegg i den eine gavlveggen.

Denne vil kanskje vera klar før jul.

Bygget kjem i forlenginga av nåverande dressurbane.

- Vi regner med å tilby innendørs ridetrening fra november, når høststormene og regnbygene setter inn, avsluttar Kari Christensen.



Den nye ride- og aktivitetshallen kjem i forlenginga av nåverande dressurbane.

Bygdabladet kjem tilbake til saka seinare i haust.

## Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 7 1989

### TRANSPORTSELSKAP TIL SJØS

VIKING SJØTRANSPORT A/S

Bokn - Bru - prosjektet har gitt ringverknader også på den lokale arbeidsmarknaden. Folk flest kjenner til M/F Raana og S/B Michel Viking. Rausmåla ferje og skyssbåt som omrent heile døgnet trafikkerer Boknasundet, Ognasundet, Frekasundet - ja heile distriktet.

I tillegg til desse båtane har Viking Sjøtransport A/S ein mindre båt, S/B Speed Viking som er leigd av Statens Vegvesen. S/B Michel Viking er også leigd av Vegvesenet, mens M/F Raana utfører enkeltoppdrag, hovedsakleg for Vegvesenet.

Andre som har nytta seg av Viking Sjøtransport A/S sine transporttenester er m.a. Aker Entreprenør, A/S Betong pluss en del andre oppdrags-gjevarar.

A/S viking Sjøtransport har hatt godt med arbeid, og har også måttå leiga inn andre fartøy for å greia toppane. Fire mann har fast arbeid i firmaet.

Det er Lars Sigmund Alvestad, ein av medeigerane i A/S Viking Sjøtransport som seier dette til bygdabladet.

Han fortel også at A/S Viking Sjøtransport på grunnlag av utførte arbeidsoppdrag nå har god erfaring i transport, og vil satsa på nye oppdrag i liknande prosjekt i tida som kjem.

## Gratulerer



**Ida Havikbotn, 10 år  
7. oktober**

Gratulera med dagen

Glad i deg!

**Klem fra mor, far, Simen,  
tante Kristi, onkel Henning  
og bestemor**



**Kaj Arne Christiansen blir  
33 år 16. oktober**

Den supre pappen vår fyller  
33 år torsdag 16. oktober,  
gratulerer med dagen.

**Hilsen fra Torbjørn og Ove**

# Ny innsamlingsrekord igjen!

Jardar Havikbotn



1. klasse stod for underhaldninga.

Bokn skule samla inn over 28.000 kr. til årets TV-aksjon under den tradisjonelle haustbasaren 2. oktober.

I fjor blei 2007-resultatet slått med 5.277 kr. og fleire trudde då at toppen var nådd. Men i år steig sluttresultatet til fantastiske 28.158 kr., som er heile 6.208 kr. meir enn 2008-resultatet.

Den sjuande skulebasaren har meir enn nokon gong bidratt til at Bokn kjem til å vera i landstoppen i gjevarglede på TV-aksjonsdagen 18. oktober. Basaren markerde slutten på skulen si kystkultur-veke, som dei har kvart tredje år, og kaféen var full av dei lekraste rettar.

Medelevar, foreldre og beste-foreldre kunne velja mellom bacalao, fiskesuppe, tortilla med laks, røykt aure, vaflar, lappar, potekaker, pannekaker, flatbrød og lefser. 9. klasse fekk æra av å selja godbitane som alle skule-elevane hadde laga i løpet av veka.

## Imponert ordførar

Det var første året at ordførar Kyrre Lindanger fekk denne basaren med seg. Han heldt ein liten appell og hadde med seg ei helsing frå kommunekomiteen.

Ein smikfull gymsal på ein fredags føremiddag, med ein kafé full av tradisjonsmat og eit langbord foran scenen proppfull av gevinstar, fekk ordføraren til å smila om kapp med rektor Ingjerd Ellingsen, som også var strålande fornøgd med dagen.

## Statistikk for skulebasaren:

2003	REDD BARNA	15.490
2004	HJERTEROM	10.068
2005	DRØMMEFANGER	10.497
2006	LEGER UTEN GRENSER	15.668
2007	SAMMEN FOR BARN	16.673
2008	BLÅ KORS	21.950
2009	CARE	28.158

29. september bevilga formannskapet 20 kr. pr. innbyggjar, 16.460 kr.

Saman med basarresultatet tilsvrar dette 54 kr. pr. innbyggjar, det beste utgangspunktet Bokn nokonsinne har hatt foran innsamlingsdagen!

**Ta godt i mot bøssebærarane  
18. oktober.**



Ordførar Kyrre Lindanger held appell og helsar frå kommunekomiteen foran mange flotte gevinstar.

# Songar & tekstar frå Bokn

I forrige blad presenterte me LYNGBLOMSTEN av Eline Kristine (Lina) Jacobson Buckneberg. Denne gong er det klart for **KVEDNABEKKEN** av Nanna Olaussen/Olaug Hognaland.

I samband med den store Tusenårsmarkeringa i 1999/2000 gav Kulturdepartementet kvar kommune kr. 200.000 til å etablera tusenårspllassar.

Etter ope folkerøysting blei kvednabekken frå Boknabergsvatnet til Boknasundet valt, med klar margin til konkurrentane Sunnlandsstraumen, Klepp på Loden, Nordre Vågaholmen med Humraparken, Alvestadkroken og Laupland.

Det blei reist eit nytt kvernhus der eitt av dei mange kvernhusa hadde stått tidlegare, og området rundt blei opparbeida og tilrettelagt som Bokn sin tusenårspllass.

Plassen er ikkje ferdig. Det er m.a. planlagt å restaurera og setta opp eit gammalt kvernhus frå Are, som kommunen har

på lager.

Under opninga 28. september 2000, der også Tusenårsstreet blei planta (blodbøk), framførde Tina B. Høyland diktet om bekken, til melodi av underteikna.

Målfrid Kro Trosvåg fekk æra av å "klippa snora", med desse orda:

- No opnar me luka for vatnet, og Kvædnå i Kvædnabekkjen er i gong!

Då eg jobba med prosjektet tok eg utgangspunkt i eit dikt om omtalte bekke, av ordkunstnar Nanna Olaussen. Eg fekk ein annan ordkunstnar med på laget, Olaug Hognaland, som skreiv nye vers om det som skjedde rundt realiseringa av Tusenårsplassen.

- redaktøren -

## KVEDNABEKKEN

1. Kvædnabekken rinn og pitlar langs med steingarden av sted smett seg stilt oppunder hella kjeme att på hi sida med. Ovafør er kvædnabekken gravlagt under mold og jord grev seg fram i beke mørke famlar etter eige spor.

2. Dansar lystig fram i lyset lykkelig befridd og glad ruslar lagligt over jordet vel oppstått og ut av sin grav. Står ei stund på same staden der kor kvædnahuset stod minnest gode gamle dagar då han kvædnasteinen drog.

3. Kraft i kvædnabekkens årer gjennom mange hundre år ikkje lenger er til nytte nye krefter kjeme og går. Kvædnahuset seig og halla vegg og tele morkna vekk så var bekken og blitt borte ingen visste kor han gjekk.

4. Alle bekkens mange venner mintes hus og stein og kall vatnet med den åpne stemmen sende frå seg fossar og fall Sjå, i sporet av det gamle nå det nye huset står på det som er sjølve Plassen ved det nye tusenåret.

Nanna Olaussen/Olaug Hognaland

## KVEDNABEKKEN

Tusenårsplassen i Bokn 28. sept. 2000

Tekst: Nanna Olaussen/Olaug Hognaland  
Melodi: Jardar Havikbotn

The musical notation consists of two staves of music. The top staff uses a treble clef and the bottom staff uses a bass clef. Chords are indicated above the staff. The lyrics correspond to the numbered stanzas above, with some words underlined to align with the melody. The notation includes various note values and rests.



Tina B. Høyland framfører songen KVEDNABEKKEN under opninga av Tusenårsplassen 28. september 2000.

# Kjæledyret mitt

## Eple

Marita Lie Alvestad

Hei, eg heiter Eple, eg er då dverghamsteren til Marita.

Marita kjøpte meg på Kvadrat 13. februar 2009.

Eg er eit nattdyr som er våken om natta. Med ein gong det blir mørkt kjem eg fram frå göymestaden min og begynner å spinna i hjulet mitt.

Når Marita er på skulen pleier eg å slappa av, eller sitta oppi matskåla og eta solsikkefrø, for det er noko

av det beste eg veit.

Eg har gjort mange rampestrekar som eg ikkje får lov til. Då Marita hadde kjøpt meg, stakk eg av i bilen så Marita måtte fanga meg.

Av og til stikk eg av og göymer meg under sofaen, då blir Marita sur fordi hu ikkje får tak i meg.

Eg pleier å vera med Marita på båttur, til Nedstrand til bestemor og bestefaren til Marita på besök.



Eg må passa meg for Mia. Mia er katten til Marita og ho sit ofte og lurer etter meg!



I neste blad presenterer Linn Sørvåg katten sin Torres.



### Formannskapsmøte 02.09.09.

#### OPPRETELSE AV REGIONALT BOMPENGESELSKAP

##### **Formannskapet vedtok:**

samrøystes å sette ut saka i påvente av meir informasjon.

#### Opprettning av stilling som einingsleiar ved Bokn Sjukestova

##### **Formannskapet vedtok:**

å oppretta ein stilling som einingsleiar ved Bokn Sjukestove, innanfor noverande stillingsrammer. Evaluering av leiingsstrukturen ved sjukestova må bli ein del av evalueringa av bemanninga som skal gjerast i forbindelse med utarbeidning av ny helse- og omsorgsplan og skal innarbeidast i ny helse- og omsorgsplan.

#### KOMMUNALE FOND 2009 - ENDRING / OMDISPONERING

##### **Formannskapet vedtok:**

Formannskapet tilrår at ein avsluttar og omdisponerer fond i samsvar med rådmannen sitt forslag. Det vert oppretta bundne fond for Bokn Båtforening og Tåganeshallen i samsvar med avtalane, og fonda vert finansiert av disposisjonsfond.

#### BOKN BARNEHAGE: TILTAK FOR Å SIKRE BARNEHAGEN FØRSKULE-LÆRARAR

##### **Formannskapet vedtok:**

Formannskapet vedtok samrøystes å sette ut saka. Saka ses i samanheng med framlegging av kompetanseplan.

#### INNFØRING AV FEIDE (FELLES ELEKTRONISK IDENDITET) I BOKN SKULE

##### **Formannskapet vedtok:**

Saka vert satt ut til neste møte.

#### Kulturskulen hausten 2009

##### **Formannskapet vedtok:**

Formannskapet tok orienteringa til etterretning.

#### Haugaland skole arbeidsliv (HSA) : Årsmelding 2008 og Strategiplan 2009-2011

##### **Formannskapet vedtok:**

orienteringa blei tatt til etterretning.

#### BUDSJETTKONTROLL - 1 HALVÅR 2009

##### **Formannskapet vedtok:**

orienteringa om budsjett og rekneskap for 2009 blei tatt til etterretning, og det blei vedtatt å dekke meirutgiftene for seksjon teknisk til kommuneplanleggjar og konsulentar ved å bruke kr. 200.000,- av reservert tilleggsøyning.

Meirinntekter frå eigedomsskatt på kr. 600.000,- vert overført til udisponert driftsresultat (overskot).

#### KOMMUNAL OVERTAKELSE AV PRIVAT VEG.

##### **Formannskapet vedtok:**

å gi rådmannen fullmakt til å inngå avtale om å overføra den private vegen nord for Øyrenfeltet til kommunal veg innenfor gitte rammer.

Forts. neste side...

## NY PLAN OG BYGNINGSLOV (PLANDELEN)-DELEGERING FRA KOMMUNESTYRET

### **Formannskapet vedtok:**

I medhold av kommunelovens § 10 nr.1 opprettes et utvalg for plansaker,-kalt forvaltningsstyret. Forvaltningsstyrets medlemmer og varamedlemmer er valgt personidentisk med nåværende forvaltningsstyre. Forvaltningsstyret trer i funksjon fra den dato kommunestyret har fattet vedtak. Forvaltningsstyret skal løse de oppgaver som tidligere lå til utvalget. Herunder:

- Behandle reguleringsplaner og legge disse fram for kommunestyret
- Behandle og godkjenne detaljplaner(tidligere bebyggelsesplaner)
- Godkjenne mindre reguleringsendringer
- Nedlegge bygge og delingsforbud.
- Behandle søknad om dispensasjoner fra reguleringsplaner.

Formannskapet skal være kommuneplanutvalg som forestår koordineringen av behandlingen av utkast til kommuneplan og fremmer samlet innstilling til kommunestyret for så vel kommuneplaner som kommunedelplaner.

Kommuneplanutvalget gis myndighet til å organisere arbeidet med den kommunale planlegginga etter PBL kap 10-12 og opprette de utvalg og treffe de tiltak som finnes nødvendige for gjennomføring av planleggingen .jfr. PBL§ 3-3

Kommuneplanutvalget gis myndighet til å vedta mindre endringer i kommuneplanen sin arealdel.jfr PBL§11-17

I all plansaksbehandling skal Bokn kommune ha særlig oppmerksomhet på konsekvenser for barn og unge sine interesser. Vurderinger skal bygge på høringsuttalser fra alle seksjoner og frivillige organisasjoner som arbeider med barn og unge.

## KOMMUNEDELPLAN FOR ROGFAST MED KONSEKVENSUTREDNING - HØRING.

### **Formannskapet vedtok:**

samråystes å slutte seg til intensjona-ne i saksutgreiinga.

## ORGANISATORISKE ENDRINGER I SEKSJON TEKNISK.

### **Formannskapet vedtok:**

organisatoriske endringer i seksjon teknisk blei samråystes vedtatt



## Kommunal informasjon

# Utlysning av festetomter til fiskeritomter i Knarholmen

Bokn kommune har 4 festetomter til fiskeriformål. Det har i kommunestyret den 22.06.2009 blitt vedtatt følgende retningslinjer som vil ligge til grunn ved en tildeling:

### **RETNINGSLINJER FOR FESTE-TOMTER TIL FISKERITOMTER I KNARHOLMEN**

*Godkjent i formannskapet den 23.09.08. Godkjent i kommune-styret den 22.06.2009*

- *Søker må være registrert i fiskermanntallet Blad B (yrkesfiske som hoved-næringer).*
- *Søker må ha båt som er registrert i fartøy-registeret. For å kunne stå i fartøyregisteret må en oppfylle Lov om retten til å delta i fiske og fangst § 8 hvor det står følgende: Ervervstillatelse skal ikke gis dersom fartøyet ikke er utrustet for eller egnet til å drive fiske eller fangst.*
- *Dersom det er sett opp sjøhus på tomta – skal sjøhuset enten:*
  - selges til fisker som oppfølger vil-kårene for tildeling av naustomt eller*
  - Tilbakeføres til kommunen.*

### ***Pris ved salg/tilbakeføring skal ikke være høyere enn byggeteknisk pris justert for evt. prisstigning***

- *Dersom søker går ut av fiskermanntallet, eller selger båten, oppheves festekontrakten. Søker er pliktet til å gi beskjed til Bokn kommune innen 1 mnd etter søker evt har solgt båten eller gått ut av fiskermanntallet. Søker har 2 mnd oppsigelsesfrist.*
- *Tomtene bortfestes i utgangspunktet for 30 år under forutsetning av at alle kravene til enhver tid er oppfylt.*
- *Festeren har rett til å forlenge festetiden med ytterligere 30 år.*
- *Tomten kan bare benyttes til fiskerirelatert næring.*
- *Bokn kommune forbeholder seg retten til å kunne heve festeaftalen dersom tomten blir nyt tet til et formål som er i strid med søknaden, eller i strid med den type virksomhet fiskerihavn er planlagt for.*
- *Partene kan kreve feste-avgiften revidert hvert år. Festekontrakten skal reguleres hvert år i*

- *samsvar med konsumpris-indexen.*
- *Det settes en alders-begrensning på 75 år.*
- *Det inngås særskilt leie-avtale for kommunalt sjø-hus. Dersom det ikke er noen kvalifiserte søker, kan kommunen inngå kort-tidsavtaler på inntil 6 mnd av gangen med andre søker. Fiskere som står på blad A har fortrinnsrett foran andre søker.*
- *Det skal leveres inn årlig dokumentasjon på drift for at festeavtalen skal anses å være gyldig.*
- *Tomta må tas i bruk innen 1 år etter at det er blitt gitt tilslagn.*

De som er interessert kan ta kontakt med teknisk v/Unni W W Høivik for å få et tomtekart.

Frist settes til 25.10.09.

Søknad sendes skriftlig til:  
Bokn kommune, teknisk v/Unni W W Høivik, Boknatunvegen 13, 5561 Bokn, eller på mail:  
unni.hoivik@bokn.kommune.no



## VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstelningar, handla på butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å vera tilgjengelege som sjåførar, og desse har ei vaktordning og ein mobiltlf. til disposisjon.

For å avtala tid, ring dette nr. -

**94 14 47 35**

Helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren -

- Kr. 3,- pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.
- Minstepris kr. 100,-



## KROVÅGEN HESTESENTER

Krovågen hestesenter på Austre Bokn har ledig stallplass for 1 hest.

Her er paddock og beiter, gode treningsforhold inkl. ridehall.

**Tlf. 91120801**

epost [kachris@online.no](mailto:kachris@online.no).

Nettsted: [www.kro-hest.no](http://www.kro-hest.no)

### Spyling kommunalt vannledningsnett

#### Uke 41 og 42 (05.-16.10.09)

Det blir spyling av det kommunale vannledningsnettet i perioden 05.10-16.10.09 på dagtid.

Til orientering kan det i perioder forekomme gult;brunt vatn mens spyling-

en pågår. Dette er ikke helsefarlig.

### Tømming av slamavskillere høsten 2009

Teknisk vil informere om at Svein Klungveit AS vil starte med tømming av slamavskillere på Bokn i uke 44. I utgangspunktet skal alle boliger og hytter tømmes i løpet av høsten. Svein

Klungveit AS vil sende lapp i posten til grunneier på forhånd om hvilken uke en kan forvente tømming.

Lurer du på om din eiendom ligger inne i de kommunale tømme-listene? Ta kontakt med teknisk v/ Unni W W Høivik for å få det sjekket på tlf 52752506 - unni. [hoivik@bokn.kommune.no](mailto:hoivik@bokn.kommune.no)

### Annonse



### Finn Schjøll

kjem til Bokn

Onsdag 25. november  
Bokn skule, gymsalen  
KI: 18:00

Tema: Advent

Billettpolis: 200,-

Sal av billettar:

Bokn H-lag

Kerstin Larsen: 90 67 32 66

Siv Overå: 90 71 93 18

Det vert servert kaffi og noko attåt

Arrangør:

Bokn hagalag

VELKOMMEN

**coop  
marked**

**COOP MARKED BOKN**

**coop  
marked**

**Mandag til fredag: 09.00 - 18.00**

**Lørdag: 09.00 - 16.00**

**Drivstoff hele døgnet - kortautomat**

SMS-VARSLING

# Bli varslet på mobilen når noe skjer på kontoen din.

Nå kan du enkelt sette opp SMS-varslig i nettbanken.

[www.sr-bank.no](http://www.sr-bank.no)



Bank. Forsikring. Og deg.

SpareBank  
SR-BANK 



## Info fra legekontoret

En oppdatering om ny influensa A (H1N1) ("svineinfluenta"), vaksiner og den årlige sesonginfluentaen.

### Status "svineinfluenta"

Forekomsten av influensaliknende sykdom var fallende i uke 38. Det er påvist ca 1400 positive tilfeller i Norge så langt. Omrent alle positive tilfeller er under 60 år. 90 % av prøvene som blir tatt er negative

Data viser at viruset har etablert seg i Norge, og man tror at vi har passert en første topp som i andre europeiske land.

Vi forventer sporadiske tilfeller og eventuelt lokale utbrudd.

Vanligvis kommer den årlige epidemien med influensa på slutten av året eller i januar/februar, men i år kan det hende dette nye viruset vil dominere foran de kjente sesonginfluensavirusene, og at vi derfor kan få en pandemibølge tidligere på vinteren.

### Status vaksine

Europeiske legemiddelmyndigheter (EMEA) anbefaler nå at pandemivaksinen Pandemrix får markedsføringsstillselte. Anbefalingen oversendes i dag EU-kommisjonen for godkjenning. Det forventes at Statens legemiddelverk også vil godkjenne vaksinen til bruk i Norge.

Vaksinen vil være klar til utsendelse til kommunene i siste halvdel av oktober. Sykdommen er mild, det er derfor ikke planlagt å prioritere andre grupper i samfunnet enn helsepersonell (tidligere snakket man om å prioritere "nøkkelpersonell").

Man må ha 2 doser à 0,5 ml med minst 3 ukers mellomrom. Vaksinen er hittil utprøvd på over 5000 frivillige.

Man forventer at 80 – 90 % av de vaksinerte vil være beskyttet etter 2 doser.

Noen får litt effekt etter første dose, men for de fleste går det 3 uker før immunrespons forekommer.

Bivirkningene er omtrent som ved vanlig influensavaksine (smerte, rødhet og hevelse ved innstikkstedet, hodepine, tretthet, feber, muskel- og ledtsmerter, influensalignende symptomer og hovne lymfekjertler). Data så langt viser at bivirkningene er noe hyppigere enn ved vanlig influensavaksine og at barn oftere får høy feber.

Minste levering er 500 doser, noe som burde være nok til å dekke behovet på Bokn for første runde med vaksinering (for alle, ikke bare risikogrupper og helsepersonell).

### Det er 3 formål med vaksineringen:

- \* Å beskytte den enkelte mot sykdom, komplikasjoner og død.
- \* Å beskytte samfunnet mot stor sykdomsbyrde som kan redusere viktige samfunnsfunksjoner.
- \* Indirekte effekter (folkbeskrittelse). Siden ny influensa A(H1N1) har relativt lav reproduksjonsrate (1,4-1,6), kan man oppnå store indirekte effekter uten altfor høy vaksinasjonsdekning.

FHI har nettopp anbefalt ny rekkefølge for hvem som skal få vaksinen først:

- \* Risikogruppene
  - o Gravide (B1)
  - o Personer 3-64 år med økt risiko for komplikasjoner (B2)
  - o Personer 65 år og eldre med økt risiko komplikasjoner (B3)
- \* Helsepersonell
  - o Frontlinjepersonell (legekontor, helsestasjon, ambulansepersonell) (H1)

o Helse- og omsorgspersonell som det kan bli kritisk mangel på (kommunen prioritær selv) (H2)  
o Annet personell (H3)

Vaksinering starter samtidig av B1, B2, H1 og H2. Deretter B3 og H3 (B = befolkning, H = helsepersonell)

Mens B3 og H3 vaksineres vil man ta stilling til om resten av befolkningen skal vaksineres.

Det avgjøres underveis om risikogruppene skal få 2 doser før man evt. vaksinerer andre grupper av befolkningen. Helsemyndighetene planlegger en stor mediakampanje for å nå ut til risikogruppene som bør vaksineres først. Risikopasienter vaksineres hos sine respektive fastleger mens helsepersonell vaksineres der de jobber. Foreløpig er det altså ikke snakk om massevaksinering av hele befolkningen.

### Vanlig sesonginfluensa

\* Vaksinene er på vei til legekontorene nå – oppfordrer alle i risikogruppene og/eller over 65 år til å bestille seg time på legekontoret for vaksinasjon!

\* Den vanlige sesonginfluensaen kan trolig gis samtidig med vaksinen for "svineinfluenta".

Husk: det viktigste er fortsatt en dose sunn fornuft og god håndhygiene!

### Med vennlig hilsen

**Dag-Helge Rønnevik  
Kommuneoverlege Bokn kommune**



## Forslag til vegnavn

Av Unni W W Høivik

### Hva skal veggen til byggefeltet på Austre Bokn hete?

I 2006 ble innbyggerne i Bokn invitert til å komme med forslag til hva veggen til boligfeltet på Austre Bokn skulle hete. Det kom inn 3 forslag, men saken ble ikke ferdigbehandlet pga diverse permisjoner.

Det har nå gått tre år siden forrige runde, og på bakgrunn av det inviterer en innbyggerne til å komme med innspill en gang til, før saken tas opp til endelig avgjørelse i formannskapet.

Det kan legges til at det ble gjort et vedtak om Øyrenvegen, men dette ble ikke godkjent hos Stadnamnkonsulenten. Navnet måtte da skrives som Øyrvegen.

Forslag til vegnavn kan sendes skriftlig enten på mail eller sendes pr post til:

**Teknisk seksjon v/Unni W W Høivik,  
Boknatunvegen 13, 5561 Bokn**

eller mail:

**unni.høivik@bokn.kommune.no**

Frist settes til 01.11.09.



### Åpningstider:

Tysdag	09.00 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.00 - 13.30

## Div. tenester på Boknatur

### BOKN LEGEKONTOR

Hver tirsdag og fredag samt torsdager i partallsuker.  
Åpningstider 08 – 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkelig hjelp: Bokn Legevakt:  
52 74 85 22 (hele døgnet).  
Dr Rønnevik er på Bokn hver dag og kan ta imot øyeblikkelig hjelp dersom behov.  
Ved livstruende tilstand: 113.

Timebestilling på internett eller SMS.  
Se [www.bokn.no](http://www.bokn.no) for mer info.

Listen fylles opp, men det er fortsatt ledig kapasitet!

**Dag-Helge Rønnevik - lege**

### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredager kl. 8-15.30 -  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil  
46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40  
41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.  
52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysiotapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

**Enkelte laurdagar etter avtale.**

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling  
tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28  
Direkte nr.: 52 75 25 33

**HEIMESIDE:**  
<http://sites.google.com/site/boknfotterapi/>

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00  
Treng du skyss, blir du henta på døra.  
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.  
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivitør**

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatur  
kl. 9.00 – 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 13  
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.  
Kan treffast på rádhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

**Bjørn Bruaset - jordbruksjef**



### NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefontid kl. 8.00 –

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

**Unn A. Mustaparta - leiar**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

#### Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknasennå, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11**

**E-post: post@bokn.kommune.no**

### BOKN TANNKLINIKK

Kvar måndag kl. 08-15, førebels fram til august.

Tannklinikken opnar igjen etter ferien  
20. august

**Tlf. 52 75 25 80**

## Næringsliv

### Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

### Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.  
Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.  
Pris pr. dag kr. 100,- + moms  
for leige av vridbar pusseskuffe.

#### Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

## Dikt frå utflytta boknar

Signy Chena, som nå bur i Haugesund, har sendt oss eit dikt om overgangen frå sommar til haust. Ho har skrive det sjølv og ynskjer å dela det med lesarane av Bygdabladet.

Dei som les Haugesunds Avis kan også rett som det er sjå namnet hennar under dikt og småkommentarar

## Høst

Sommeren finner dyna si,  
pakker seg stille inn.

Frisk og forventet høstluft tar tak i våre kinn.

Høsten slippes sakte inn

Signy Chena



## Div. tenester på Boknatur

## Ny karusell i Bokn

Jardar Havikbotn

**Leikeplassen i Havnavegen har fått eit nytt og populært leikeapparat.**

Karusellen har lenge stått på ønskelista til Havnavegen velforening. Etter at kommunen støtta prosjektet med to tredjedeler, kunne kjøpet realisertast - til stor glede for dei minste bebuarane i bygdefellet ved Hålandssjøen.

Karusellen er laga av Norsk Lek & Park i Sveio, som kommunen har innkjøpsavtale med. Dei kallar han for markedets sirkreste karusell. Norsk Lek & Park har også levert ein slik til leikeplassen i Øyrenfeltet.



**Henrik Ognøy Våge og Vide Marie Sæhle Heskja testa karusellen då han kom til Havnavegen 9. september.**

Det nye leikeapparatet har allerede blitt godt innkøyd, stort sett av barn under 10. Vaksne har også prøvd seg, men blir som regel uvel etter nokre rundar og går svimlande og set seg.

Det er liten tvil om at denne aktiviteten ligg best for barn og unge.

**Nye leikeplassar på Kyrkjebygda og i Alvestad-nord**  
Barn og unge kan også glede seg over at fleire leikeplassar i kommunen blir gjenoppbygde, etter at den store vedlikehaldskontrollen i 2006 ført til at mange apparat ble rivne.

Forutan at leikeplassen i Øyrenfeltet blei oppført i fjor, blei det også gjennomført ei tilbakeføring av leikeplassen i Foresvik-nord.

I år er det klart for å gjera noko med leikeplassane på Kyrkjebygda og i Alvestad-nord. Formannskapet har tatt kr. 150.000 kr. frå tiltakspakka (ekstraløyving for kommunale tiltak til vedlikehald, med hensikt om å demma opp for finanskrisa), til å setta desse plassane i stand, så langt ein kjem.

**Planlegginga er i full gong, og Bygdabladet vil følga prosjektet.**

## Kulturmidlar 2009

Jardar Havikbotn

**Bokn formannskap fordelte i møte 29. september årets kulturmidlar.**

Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter blei prioriterte.

**Kr. 150.000 blei fordelte slik:**

LAG/ORGANISASJON	FORDELING 2009	FEKK 2008
Bokn barnekor	2.000	10.000
Bokn bedehus	2.500	2.500
Bokn båtforening	1.500	1.500
Bokn Dansekubb	15.000	18.700
Bokn Gatebilklubb	*****20.000	søkte ikkje
Bokn idrettslag	40.000	40.000
Bokn KFUK/-M Speidarane	15.000	20.000
Bokn musikkorps	15.000	20.000
Bokn mållag	1.500	1.500
Bokn Paintballklubb	4.000	søkte ikkje
Bokn pensjonistforening	1.500	1.500
Bokn Røde Kors	10.000	15.300
Bokn skyttarlag	8.500	2.500
Bokn sundagsskule	2.000	søkte ikkje
Bokn vevstove	1.500	1.500
Bokn bedehus	10.000	§7 - spesielt tiltak

### \*\*\*\*\* Beløpet skal øyremerkast garasjeprosjekt

Bokn barnekor, Bokn bedehus, Bokn Dansekubb, Bokn mållag, Bokn Paintballklubb og Bokn sundagsskule fekk det dei søkte om.

Bokn båtforening, Bokn idrettslag, Bokn pensjonistforening og Bokn vevstove fekk det same som i fjor.

Bokn KFUK-M Speidarane, Bokn musikkorps og Bokn Røde Kors fekk alle 5.000 kr. mindre enn i fjor.

Bokn skyttarlag fekk 6.000 kr. meir enn i fjor (kompensasjon §7).

### § 7 - støtte til eit spesielt tiltak

Søkarar:

Bokn bedehus	-	Utviding av møtesalen
Bokn Gatebilklubb	-	Oppføring av garasje
Bokn Røde Kors	-	20 års jubileum (open dag)
Bokn skyttarlag	-	Veg til skytebane

**§7-midlane gjekk i år til Bokn bedehus, til utviding av møtesalen.**